

I programmet om EM for brassband i Oslo på NRK1 i kveld, fekk vi sjå innslag med Vegard Døssland frå Uskedalen. Han var utpeika til å vera med i det europeiske ungdomsbrassbandet saman med 4 andre frå Norge.

I programmet var det fokus på dirigenten i European Youth Brass Band, Irene Anda, og to av aktørane. Vegard var ein av dei. Den andre var frå Sveits.

I intervjuet med Vegard uttrykte han stor takksemnd med å få vera med i eit brassband med så høg kvalitet. For han er det ei stor oppleving og stor inspirasjon for å halda fram som musikkutøvar.

Første del av programmet handla om sjølve EM-konkurransen med fokus på det norske korpset Eikanger Bjørsvik Musikklag.

Ved å klikka på etterfølgjande lenkje kan du sjå programmet:

<http://tv.nrk.no/program/mkmf80000013/em-i-brass-i-oslo>

Frå 17.30 minutt ut i programmet kjem innslaget om EYBB og Vegard.

Tekst: Kristian O. Bringedal

Foto frå TV: Thor Inge Døssland.